



Even Seim Westervik
Kringlebakken 8 A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17411 - 20/67552

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
26.10.2020

Adresseendring Kringlebakken 8

Administrativt vedtak: Saknr: 1139/20

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
195/121	H0101 (B)	Kringlebakken 8A	8

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med endring av bygningstypen frå 112 einebustad med sokkellei/hybel til 111 – einebustad vert det utført adresseendring, då ein ikkje skal bruke bokstavadresse der det berre er knytt ei eining til eit husnummer.


Vurdering

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adressa vert difor endra. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Kringlebakken.

Kommunen har førehandsvarsla adresseendringa i sak 20/16115 (endring av bygningstype) og eigar har ikkje merknader til adresseendringa, som då er utført saman med bygningsendringa.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/11-Skilting/113-Adresseskilt-og-merker/1133-Adressenummerskilt/>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17411

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Even Seim Westervik
Henriette Seim Westervik

Kringlebakken 8 A
Kringlebakken 8 A

5915 HJELMÅS
5915 HJELMÅS